



## Internt N-notat

---

**Vår ref.:**

21/2575 - 21/22052 /  
KNCH1

**Dato:**

05.05.2021

---

### Emne: Forespørsel kartlegging

10. trinn ved Vågsøy Ungdomsskule  
Gate 5 nr 92  
6700 MÅLØY

#### Kartlegging av utviklingsmogelegheitene ved Sætrasanden i Kinn Kommune.

I forbindelse med klargjering av Sætrasanden til sommarsesongen, ynskjer kommunen å få utført ei kartlegging av utviklingsmogelegheitene i området, med tanke på parkering, tilkomst, fasilitetar og sikkerheit.

Sætrasanden er ei svært populær sandstrand som vert nytta av små og store på dei fleste fineversdagar i sommarhalvåret.

Skulane i Nord-Kinn nyttar ofte denne stranda til utflukter, og det er derfor viktig for kommunen å få innspel frå dykk om korleis ein kan utnytte området betre.

Kommunen ønskjer at de legg vekt på desse punkta når de utarbeider ein plan for utbetringane:

1. Forundersøking: Korleis er forholda i dag?  
For at de skal bli best mogeleg kjent med området slik det vert nytta i dag, vil de få vere med på klargjering for badesesongen. Dette inneberer smørjing og montering av badebrygge, samt rydding langs vegen, beskjerer tre og busker og køyre vekk avfall.
2. Utarbeide planteikningar for dei utbetringane de vil presentere.
3. Konsekvensanalyse:
  - Kva for økologiske konsekvensar vil desse inngrepa ha?
  - Kva for helsemessige fordelar vil dette utgjere for dei som nyttar området?
  - Økonomi/budsjett: Kva vil desse utbetringane koste?

Undervegs i planarbeidet må de samarbeide med lokalt næringsliv, eventuelle grunneigarar og ta omsyn til reguleringsplanen for området. Underteikna vil vere tilgjengelig for råd og tips under arbeidet. Vi håpar de er positive til dette oppdraget og kan presentere forslaga for kommunen torsdag 3. juni.

Med venleg helsing :Avd.leiar Formålsbygg